



Travelt, men kontrollert

April er månaden der alt må fungera i sauefjøsa, dersom du og eg skal få pinnakjøt til jul. uskedalen.no var ein tur innom sauefjøset til Ragnhild Tennebekk Bjørke og Olav Hjetland Bringedal for å få med seg nokre inntrykk, og samtala litt om korleis lammingstida artar seg i ei verksemd der ein ventar 430 lam på snaue ein månad.

Det er vanlegvis ikkje så stor fødselsaktivitet midt på dagen. Besøket vart difor lagt til denne tida, for då har dei som jobbar der, litt betre tid til å syna fram ting, fortelja, og svara på spørsmål. Når det går føre seg som verst (gjerne mellom kl. 04.00 og 07.00), med kan henda 4-5 fødslar samstundes, vil ein reporter i tillegg berre vera noko ein ynskjer langt donderen i vald.

Mykje av stellet er automatisert, og dyra klarar seg sjølve i det daglege. Dette gjev den positive sideeffekten at dyra ikkje forbind oppdukking av folk med at "no er det mat å få". Det at nokon kjem eller går, vert knapt lagt merke til av dyra, og roa i fjøset held ved. Trass automatiseringa, meiner Olav og Ragnhild likevel at med så mange dyr, er det trong for at minst to personar er til stades når lamma kjem som tettast. Ei søye som skal lamma, søkjer vanlegvis unna dei andre når dette skal skje. Dette tek dei konsekvensen av, så ho vert gjeven ein garde for seg, når ein ser at lamminga står for døra. Dette er viktig for at fødselen skal verta så ustressa som mogleg. Mor og avkom treng og fred til å verta ein familie før dei kjem i lag med resten av flokken att – noko som gjerne tek minst eit døger. Når det ikkje er overskot på plass, kan det etter kvart verta ei utfordring å få til dette med privatliv ei stund. Ein har telt kor mange foster kvar sau har ved ultralyd. Det ideelle er to lam i kvar familie. Ein heil del søyer har meir enn to, og då bør overskotslamma takast frå. Ei søye med berre eitt foster som er vurdert til å vera i stand til å "forsørge" to, kan dermed verta adoptivmor – dersom ein legg dette rett opp. Talet på overskotslam som må gå på mjølkeautomat, kan dermed minimaliserast. Ein familie med adoptivlam treng oftast lengre tid for å etablere seg, og treng meir tid i "einerom", noko som ytterlegare utfordrar dette med å ha nok plass.



Viktig med tilgang på mjølk heile tida - lamma drikk ofte, men lite om gongen. Vert dei for svoltne, og drikk for mykje, vert det vanlegvis trøbbel med fordøyinga - noko dei i ettertid sjeldan vert kvitt

Eit sauefjøs som er fullt gjennom vinteren før lamminga tek til, har ikkje plass til alle når kvar lamsau har fått familie. Då lyt ein ha gjort klart anna losji på førehand, slik at ein etter ei tid kan få dei etablerte familieane over dit. Dette er viktig, både for å få plass til fleire lammingar, og for å unngå smittepåkjenninga auka dyretettleik lett fører til. Det kan vera problematisk nok å få eit eldre lam friskt att, dersom det har fått ein infeksjon, men det er ofte fatalt for eit spedlam å verta smitta av dei eldre.

Både store og småe sauehald krev at ein er godt budd for alle slags hendingar, og at minst mogleg kjem som "julekvelden på kjerringa". I store samanhengar nyttar det ikkje å ta alt på sparket dersom ein ikkje skal verta til atters med å reagere rett, for nye hendingar renn på heile tida. Reaksjonsmåtar må vera uttenkte og førebudde når hendingane kjem, elles kjem ein i bakleksa. Å gjera uynskte hendingar mindre sannsynlege over tid, kan til ein viss grad unngåast ved at ein er pinleg nøye med å ikkje avla vidare på dyr som har hatt sjukdom, eller har eigenskapane ein ikkje ynskjer. Det er altså like viktig å unngå å avla på negative eigenskapar, som det å avla på dei positive. Både det som er unormalt, og svært mange andre detaljar, vert loggførde, slik at ein når slaktetida nærmar seg, lettare kan avgjera kva lagnad kvart dyr skal få. Med framgang kan ein setja seg høgare mål neste sesong.



Godt å ha tilgang til "lammegøyme" - ein lun stad der ein kan koma unna ståket og kosa seg i lag med gjengen
Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland